



Fylkesmannen i Vestland
Solheim, Britt

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/2080 - 19/15610

Saksbehandlar:
Einar Færø
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:
29.10.2019

Gjeld innkome klage på ureining frå avløpsanlegg i Bøvågen - Radøy kommune

Me viser til klage om ureining i Bøvågen.

Reinseanlegget i Bøvågen er eit biologisk/kjemisk reinseanlegg av type SBR 0510 som kom i drift i 1996. Anlegget vert vedlikehalde og drifta av driftsoperatørar frå Radøy kommune. Det vert utført rutinemessig kontroll og vedlikehald av anlegget minimum 1 gong for veka. Anlegget har alarm som går direkte til vakttelefonen vår.

Anlegget er i drift heile året med berre små avbrekk (timar) som til dømes kan skuldast framandelement i avløpsvatnet. Me har også hatt mindre utfordringar med innlekking av overvann på grunn av utette røyr. Men dette har ein hatt fokus på dei siste åra og mykje av leidningsnettet som fører til anlegget er skifta ut.

Radøy kommune tek alle henvendingar om miljøureining på alvor. Me har difor også denne gongen søkt etter feil på reinseanlegget, men utan at det vart funne feil. Ein har også i dag (29.10.19) gjort undersøkingar i det aktuelle fjordområdet utan at det er funne spor av ureining.

Med helsing

Einar Færø
leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Fylkesmannen i Vestland